



4

Bli 4H-gard

Kva, kvifor og korleis

Foto: Will Campbell

4H-gard Norge



Lærerike gardsopplevingar

Har du ei spesiell interesse for mat, dyr og natur? For ville, vakre vekstar, for pollinering og birøkt, for skog og aktivitetar i skogen, eller for husdyr og matproduksjon? Er du i tillegg glad i å formidle – ja, då kan du passe godt til å drive ein 4H-gard.

På 4H-gardane kan barn, unge og andre interesserte ta del i ulike oppgåver og aktivitetar. Det er bonden sjølv som skaper tilboda utifrå det kundane på garden ønskjer.

Det er også bonden som avgjer i kva tidsrom han/ho vil drive 4H-gardsaktiviteten: Open gard ein søndag? Matskule, sommarleir,

bursdagsfeiring eller kanskje ferietilbod i haustferien – sjølvaste «potetferien»?

Moglegheitene er mange og kreativiteten hjå dagens 4H-gardseigarar er stor.

Det alle 4H-gardane likevel har til felles, er at aktivitetane er i tråd med 4H sine verdiar, «å lære ved å gjere».

Korleis fungerer naturen, korleis kan noko gro og på kva måte blir eigentleg eit frø til? Korleis steller ein dyra, korleis kan ein kjenne igjen alle treslaga vi har og kor kjem eigentleg maten vår frå?

Dette er spørsmål 4H ønskjer at folk flest skal lære meir om - og derfor ønskjer vi at det skal bli endå fleire 4H-gardar over heile landet.

4H-gardane er ein del av organisasjonen 4H Norge, som har som formål å «utvikle ein aktiv og

samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske».

I dag er det om lag 50 4H-gardar over heile landet. Desse godkjente 4H-gardane er samla i nettverket 4H-gard Norge, som mellom anna tilbyr kurs og kompetanseheving. 4H-gardane har ulik storleik, driftsmodell og eigarskap, men felles for alle er læring, positive opplevingar og synleggjering av norsk landbruk og matproduksjon.

Kvifor bli 4H-gard?

- Du blir ein del av 4H-gard Norge, eit nasjonalt nettverk som gjev kunnskap og nye idear. Les meir på www.4hgard.no.
- Du blir ein del av eit nettverk av europeiske besøksgardar. Les meir på cityfarms.org.
- Du blir invitert til kurs og seminar som kan vere til hjelp i utviklinga av besøks garden.
- Du får tilgang til verktøy innan marknadsføring og næringsutvikling.
- Du får tilgang til gode aktivitetskonsept, pedagogiske opplegg og aktivitetstips.
- Det å vere ein del av ein frivillig organisasjon kan opne for finansiering og støtteordningar som ein ikkje har som privat eller offentleg.
- 4H-gard er eit varemerke, og med godkjenninga kan du vere trygg på at besøks garden din held god kvalitet, både på tryggleik og tilbod.
- Varemerket 4H-gard gjer deg meir synleg og verdsett i lokalmiljøet.
- 4H garden er ein arena for 4H-aktivitetar, og 4H-klubbane og 4H i fylket er ein god samarbeidspart for garden under opne arrangement og elles.

4H-gard passar for deg som:

- Vil utvikle besøksgard som eit tilbod på garden.
- Er ein kreativ formidlar som ynskjer å gje andre kunnskap og fine opplevingar om landbruk, mat, dyr, skog og hage.
- Likar å ha aktivitet på garden din.

Som 4H-gard må du:

- Bli godkjent gjennom 4H-gard Norge si godkjenningsordning. Etter godkjenninga er garden 4H-gard eller 4H-seter.
- Ha ope arrangement minimum ein gong i året.
- Betale ein årleg medlemskontingent til 4H Norge.
- 4H-gard Norge oppmodar til at garden inngår eit samarbeid med ein eller fleire lokale 4H-klubbar.

Ta kontakt!

Vil du vite meir om 4H-gard? Ta kontakt med 4H i ditt fylke, med styret i 4H-gard Norge eller med fagansvarleg for 4H-gard. Du finn kontaktinformasjon på www.4hgard.no, eller på www.4h.no. Du må også gjerne følgje Facebook-sida til 4H-gard Norge på www.facebook.com/4Hgardene.

